
Saksnr: 2020/77152-60
Saksbehandlar: Arild Knapskog

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne		01.09.2021

Møteplan for 2022 - rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Forslag til vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek det framlagde forslag til møteplan for året 2022 slik det ligg føre.

Samandrag

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne skal ha minst seks møter kvart år, og rådet vedtek sin eigen møteplan. For at administrasjonen skal kunne koordinere møta i medverknadsorgana, både med kvarandre og andre utval, vert det tilrådd at møteplan for 2021 vert endeleg fastsett. Fylkestinget har vedtatt at det skal bli lagt fram ein samla møteplan for alle folkevalde organ i Vestland fylkeskommune på fylkestinget 29. september.

Bertil Søfteland
seksjonssjef

Arild Knapskog
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Møteplan for folkevalde organ i 2022
- 2 Møteplan for folkevalde organ 2022 - tillegg til politisk sak
- 3 Tilleggsnotat 2 til sak om møteplan for folkevalde organ i 2022

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne er forankra i kommunelova §5-12, der det følgjer at «[k]ommunestyret og fylkestinget skal selv velge et eldreråd, et råd for personer med funksjonsnedsettelse og et ungdomsråd eller annet medvirkningsorgan for ungdom», jf. første ledd. Vidare følgjer det av bestemminga sitt fjerde ledd at «[r]ådene eller annet medvirkningsorgan for ungdom er rådgivende organer for kommunen eller fylkeskommunen og har rett til å uttale seg i saker som gjelder henholdsvis eldre, personer med funksjonsnedsettelse og ungdom.»

For å sikre reell medverknad, tid til å førebu sakene og koordinere møteplan med andre utval i fylkeskommunen, er det viktig at ein fastset møtedatoar for heile 2022.

Det følgjer av Vestland fylkeskommune sitt reglement for medverknadsorgana at rådet for menneske med nedsett funksjonsevne skal ha minst seks møte kvart år, og elles etter behov. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek sin eigen møteplan.

Når møteplanen for 2022 skal fastsettast, er møtedatoane i fylkesting, fylkesutvalet og hovudutvala eit relevante utgangspunkt. Det vil vere viktig å planleggje møteplan for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne på ein slik måte at ein uttale frå medverknadsorganet i ei særskilt sak skal kunne følgje saksgangen «hovudutval-fylkesutval-fylkesting», slik at ein eventuell uttale blir klar før saka vert lagt fram for det politiske organet som skal gjere endeleg vedtak. Hovudutvala og fylkesutvalet har lagt opp til ein lik fordeling av digitale og fysiske møter.

Feriar og bevegelege heilagdaggar i 2022

For skuleruta 2021/22 er det lagt inn vinterferie i 2022 ulikt for skulane i Vestland fylke. Oversikten under viser feriar og bevegelege heilagdaggar i 2022, som møteplanen må ta omsyn til.

Vinterferie	Inntaksområde Sogn og Fjordane: 21-25.februar Inntaksområde Hordaland: 28.februar-04.mars
Påske	14.april (skjærtorsdag)-18.april (2.påskedag)
Kristi himmelfartsdag	26.mai
Pinse	06.juni (2.pinsedag)
Hautferie	Skulerute 2022/2023 ikkje fastsett

Forslag til møteplan 2022

møte	D er digitalt											
	Jan	Feb	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug	Sept	Okt	Nov	Des
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne		17 (D)	30		4 (D)	8			7	19 (D)	30	

Vedtakskompetanse

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne fastset sjølv sin eigen møteplan

Vurderingar og verknader

Økonomi: møter i rådet vert dekkja innanfor eige budsjett

Klima: ikkje relevant

Folkehelse: ikkje relevant

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): ikkje relevant

Konklusjon

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vert beden om å fastsetje dato for rådsmøta i 2022.